

MØTEREFERAT FRÅ MØTET I STYRINGSGRUPPA FOR EVENTUELL OMORGANISERING AV KOMMUNEREVISJONEN I SOGN & FJORDANE

Møtet vart halde på Thon Hotel, Skei, fredag den 16. desember 2016.

Møtet tok til kl. 10:00. Det var enkel servering i starten på møtet (rundstykker, kaffe, te, vatn)

Desse møtte:

Sogn og Fjordane Revisjon IKS	Styreleiar Arne Hovland Styremedlem Ivar A. Slinde Tilsettrepresentant Marit Haram Vannes Revisjonsjef Marianne Vara
Kommunerevisjonen i Nordfjord	Styreleiar Rune Myklebust Nestleiar Ole Reinhardt Bugjerde Tilsettrepresentant Torill Monsen Revisjonsjef Markvard Sunde
Kommunerevisjonen i Ytre Sogn og Sunnfjord (KRYSS Revisjon)	Styreleiar Trygve Jacobsen Styremedlem Ingvar Torsvik Myrvollen Tilsettrepresentant Asgeir Tveit Revisjonsjef Terje Førde

Møtet vart leia av Trygve Jacobsen, KRYSS Revisjon.
Sekretær i møtet var Terje Førde, KRYSS Revisjon

Det låg føre innkalling til møtet, dagsett 09.12.16, utsendt til styringsgruppa, arbeidsgruppa og tilsettrepresentantane. I innkallinga låg det føre agenda for møtet:

1. Fastsetting av mandat for arbeidsgruppa sitt arbeid
2. Momentliste/innhaldsliste for utgreiingsrapporten
3. Vidare handsaming av saka
 - Framdriftsplan, milepælar, dato,ferdigstilling, m.v. – for utgreiingsrapporten
 - Korleis ta saka vidare, kvenskal høyrast, saksgang, korleis skal dette gjerast

Det var ingen merknader til innkallinga. Saklista vart godkjend slik den låg føre.

Arbeidsgruppa v/Terje Førde, Marianne Vara og Markvard Sunde orienterte om arbeidsgruppa sitt arbeid sidan møtet den 11.11.16 og fram til no. Referat frå møtet i arbeidsgruppa den 07.12.16 vart utsendt saman med innkallinga til dei møtande.

Sak 1: Fastsetting av mandat for arbeidsgruppa sitt arbeid

Det var utsendt og låg føre eit utkast til innhald i eit mandat for arbeidsgruppa sitt arbeid. Dette vart debattert og diskutert, der det vart gjort eitpar mindre justeringar.

Samrøystes vedtak:

Styringsgruppa vedtek utkastet til mandat for arbeidsgruppa slik det låg føre, med dei endringar som vart gjort i møtet. Vedteke mandat følger med protokollen, vedlegg 1

Sak 2: Momentliste/Innhaldet i utgreiingsrapporten

Arbeidsgruppa hadde utarbeidd ei momentliste/innhaldsliste for kva ein utgreiingsrapport bør innehalde. Ein tok utgangspunkt i det vedteke mandatet for arbeidsgruppa sitt arbeid.

Terje Førde gjekk gjennom hovudpunkta i den momentlista som låg føre som eit framlegg til innhald i ein utgreiingsrapport, frå arbeidsgruppa si side.

Det var ein generell debatt og diskusjonar kring dei ulike punkta i det framlegg som låg føre.

Samrøystes vedtak:

Utkast til momentliste/innhald i utgreiingsrapporten vart vedteke slik den låg føre i møtet. Arbeidsgruppa tek med seg signala som elles kom fram i møtet i det vidare arbeidet med utgreiinga. Den vedteke momentlista/innhaldslista for utgreiinga ligg ved her, vedlegg 2.

Det var avsett tid til lunsj mellom kl. 12:15– 13:15

Repr. i styringsgruppa/styreleiar Rune Myklebust (Kommunerevisjonen i Nordfjord), vart permittert frå møtet etter lunsj og deltok såleis ikkje i resten av møtet..

Sak 3: Vidare handsaming av saka

I innkallinga var det lagt med eitpar eksempel på korleis tilsvarande prosessar har vore i andre omorganiseringssaker andre stader. Det var også innhenta uttale frå KS-Advokatane, v/råd-gjevar Josteien Selle, i høve spørsmål kring korleis kontrollutvala skal involverast. Lova er litt upresis på dette, men anbefalinga er at ein involverer kontrollutvala og at desse får utgreiingsrapporten til handsaming når den er ferdig, og at det blir laga til eit framlegg til likelydande saksutgreiing som følger saka gjennom alle kontrollutvala og vidare ekspedisjon til kommunestyret/bystyret. Det var elles generelle diskusjonar kring framdriftsplanen, tidsperspektivet for korleis saka bør gå vidare, datoer, nye møter, m.v. Ein kom fram at ein bør halde møter i styringsgruppa langs med i arbeidet. Det vart også diskutert om ein skal lage til eit informasjonsmøte, der ein går forholdsvis breitt ut, til politisk/administrativ leiging, KU-medlemmar, sekretariat, styremedlemmar og tilsette. Detaljar i dette, og framdrifta elles, skal

Møtereferat; Protokoll frå møtet på Thon Hotel, Skei, fredag 16. desember 2016
Styringsgruppa for eventuell omorganisering av kommunerevisjonen i Sogn og Fjordane

ein kome attende til på neste møte i styringsgruppa. Arbeidsgruppa sitt arbeid med utgreiingsrapporten vil ta opp i seg delar av dette, ut frå det som ligg i det vedtekne mandatet. Dette vil kome til ny drøfting i styringsgruppa på neste møte.

Samrøystes vedtak:

Styringsgruppa ber om å få seg førelagt eit grovutkast/framlegg til tekstdel i utgreiingsrapporten til neste møte. Denne bør vere klargjort frå arbeidsgruppa til kring 01.02.16.

*Neste møte i styringsgruppa vert fastsett til 14. februar 2016, kl. 10:00.
Møtet vert lagt til Skei.*

Dei endringar og føringar som kjem fram i møte den 14.02.16 skal arbeidsgruppa innarbeide i utgreiingsrapporten, og legge fram eit endeleg utkast for styringsgruppa i eit nytt møte. Dette møtet skal haldast 21. juni 2016, også det på Skei, kl. 10:00.

Fram til møte den 21.06.16 skal arbeidsgruppa innhente oppdatert informasjon frå Stortinget sine vedtak kring regionreforma, kommunereforma og ny kommunelov (etter planen no vedtakast i Stortinget den 09.06.17). Eventuelle konsekvensar for innhaldet i utgreiingsrapporten må korrigerast/justerast tilsvarande. Møtet den 21.06.16 bør ha som målsetting å kome med innspel til justeringar, slik at det kan ligge føre ein endeleg utgreiingsrapport som styringsgruppa vil kome attende til i eit nytt møte etter ferien. Dato for dette møtet vil ein kome attende til; enten i møte den 14.02. eller i møte den 21.06.16.

Fellesrekninga for møtet den 16.12.16 vert betalt av KRYSS Revisjon og fordelt likt på dei tre revisjonseiningane. KRYSS Revisjon sender ut refusjonskrav for dette til dei to andre.

Møtet slutt ca. kl. 14:00
Skei/Førde, 16.12.16/19.12.16



Terje Førde
Møtesekretær

Vedteke mandat for arbeidsgruppa til utgreiinga om samanslåing av dei tre interkommunale revisjonseiningane i Sogn og Fjordane

Styringsgruppa hadde møte på Skei den 16. des. 2016, der arbeidsgruppa sitt framlegg til mandat vart drøfta. Styringsgruppa vedtok ordlyden i mandatet slik det går fram nedanfor. I forhold til arbeidsgruppa sitt framlegg, vart det gjort ei mindre justering etter forslag frå repr. Myrvollen. Dette er innteke i mandatet, og merka med gul utheving nedanfor. Framlegget vart vedteke slik det går fram nedanfor:

Utgreiingsarbeidet vert å gjennomføre etter følgjande mandat:

- 1. Utgreiinga skal innleiingsvis beskrive revisjonen sine oppgåver, lovmessig grunnlag og intensjonar for den kommunale revisjonsordninga, herunder avgrensningar i forhold til rådmannen sitt ansvar for internkontroll og tilsynsmyndigheitene sine virkefelt-/områder ?*
- 2. Utgreiinga skal beskrive kva krav og målsettingar som er relevante å stille til ei **kvalitativ god og effektiv** framtidig interkommunal revisjonsordning. Vidare skal utgreiinga belyse fordelar og ulemper med ei samanslåing av revisjonseiningane samanhalde med dagens ordningar, herunder i kva grad ei samanslåing av dagens revisjonssamarbeid kan bidra til auka kompetanse, høgare kvalitet på revisjonstenestene, høgare produktivitet eller andre fordelar. Selskapa sine utfordringar med omsyn til kapasitet og kompetanse, i dag og i framtida, er også eit viktig tema.*
- 3. Alternative organisasjonsmodellar og samarbeidsordningar skal vere ein del av utgreiingsarbeidet. Her skal det belysast kva slags bindingar og plikter ei eventuell endring av revisjonsordninga vil innebere for kommunane, herunder moglegheitene for framtidig uttreden av ordninga. Dei tilsette sine rettar og plikter må også belysast i utgreiinga.*
- 4. Det skal beskrivast korleis eigarkommunane kan utøve eigarstyring dersom revisjonen organiserast som eit interkommunalt selskap etter kommunelova § 27 (dagens kommunelov), eller som eit samvirkeforetak (etter NOU'n om ny kommunelov, om den blir vedteken), eller som eit interkommunalt selskap organisert etter lov om interkommunale selskaper (IKS-loven; utanfor kommunelova), og evt andre organisasjonsmodellar.*
- 5. Utgreiinga skal også kort beskrive forholdet mellom revisjonseininga og kontrollutvalssekretariata.*

Tekstdelen i mandatet vert teke inn i utgreiingsdokumentet som skal utarbeidast av arbeidsgruppa. Førebels utgreiingsrapport skal leggjast fram for styringsgruppa i møte den 14.02.2017; - ref. momentlista/innhaldslista som er vedteken av styringsgruppa i møte den 16.12.16, for utgreiingsarbeidet sitt innhald til utgreiingsrapport for eventuell omorganisering av den interkommunale revisjon i Sogn og Fjordane

Innhald

SAMANDRAG OG ANBEFALINGAR	
1 MANDAT OG OPPDRAG	
1.1 ORGANISERING	
1.2 MANDATET FOR UTGREINGA.....	
1.3 OPPDRAGET.....	
1.4 VIDARE HANDSAMING.....	
2 TILSYN OG KONTROLL I KOMMUNANE	
2.1 EIGENKONTROLL I KOMMUNAL SEKTOR, TILSYNSMYNDIGHEITENE SINE VIRKEFELT/VIRKEOMRÅDER	
2.1.1 Internkontroll i kommunane og fylkeskommunane – avgrensingar til revisjonen.....	
2.1.2 Tilsynsmyndigheitene sine oppgåver – avgrensingar til revisjonen.....	
2.2 SEKRETÆR FOR KONTROLLUTVALET SINE OPPGÅVER – AVGRENSINGAR I FORHOLD TIL REVISJONEN.....	
2.2.1 Føremål og oppgåver for KU-sekretariatet	
2.2.2 Avgrensingar mellom KU-sekretariatet sine oppgåver og revisjonen sine oppgåver	
2.3 REVISJONEN SINE OPPGÅVER.....	
2.3.1 Reknskapsrevisjon.....	
2.3.2 Forvaltningsrevisjon	
2.3.3 Selskapskontroll	
2.3.4 Kundekontakt og kommunikasjon	
2.3.5 Bestillingar, andre kontrollaktivitetar og kvalitetssikring	
2.4 STYRINGSGRUPPA SINE OPPSUMMERINGAR OG ANBEFALINGAR	
3 KRAV OG MÅLSETTINGAR FOR EI FRAMTIDIG REVISJONSORDNING	
3.1 UTVIKLINGSTREKK I KOMMUNEREVISJON	
3.2 KRAV OG FORVENTNINGAR FRA KOMMUNANE	
3.3 OVERORDNA KRAV OG FØRINGAR TIL KOMMUNEREVISJONEN.....	
3.4 STYRINGSGRUPPENS OPPSUMMERING OG ANBEFALINGER	
4 FORDELAR OG ULEMPER MED ÉIN REVISJON	
4.1 DAGENS REVISJONSORDNINGER	
4.2 FORDELAR OG ULEMPER VED EIN SAMANSLÅTT REVISJON	
4.3 STYRINGSGRUPPA SINE OPPSUMMERINGAR OG ANBEFALINGAR	

5	ORGANISERING OG EIGARSTYRING.....
5.1	ULIKE INTERKOMMUNALE SAMARBEIDSMODELLAR.....
5.1.1	<i>Innledning</i>
5.1.2	<i>Interkommunale selskap (IKS-loven m/forskrifter)</i>
5.1.3	<i>Interkommunalt og - fylkeskommunalt samarbeid etter kommunelova § 27</i>
5.1.4	<i>Interkommunalt samvirkeføretak (ny Kommunelov om den blir vedeken)</i>
5.1.5	<i>Aksjeselskap eigd av kommunar og fylkeskommunar</i>
5.1.6	<i>Vertskommunesamarbeid, kommunelova § 28, 1a flg. og samkommunemodellen § 28, 2b flg.</i>
5.1.7	<i>Kommunesamanslåingar og interkommunalt samarbeid</i>
5.2	SÆRLEG OM EIGARSTYRING AV EIT REVISJONSSLESKAP ORGANISERT SOM IKS.....
5.2.1	<i>Generelt om eigarstyring</i>
5.2.2	<i>Nærmare om selskapsavtale og samarbeidsavtale/eigarskapsavtale</i>
5.2.3	<i>Representantskapsmedlemmane sin rolle</i>
5.2.4	<i>Val av styremedlemmar og styreinstruks</i>
5.2.5	<i>Særleg om kommunale/interkommunale revisjonsselskap</i>
5.3	FORHOLDET TIL REGELVERKET OM OFFENTLEGE ANSKAFFEL SAR.....
5.3.1	<i>Utgangpunkt</i>
5.3.2	<i>Nærmare om utvida eigenregi</i>
5.3.3	<i>Nærmare om offentleg-offentleg samarbeid</i>
5.3.4	<i>Vurdering av organiseringa av revisjonen opp mot regelverket for offentlege anskaffelsar</i>
5.4	STYRINGSGRUPPA SINE OPPSUMMERINGAR OG ANBEFALINGAR.....
6	FORHOLDET TIL DEI TILSETTE.....
6.1	OMSTILLING, UTVIKLING, MEDBESTEMMELSE, INFORMASJON.....
6.2	VERKSEMDOVERDRAGING.....
6.3	FRAMTIDA SITT SELSKAP;; KVAR ER VI ? KVAR SKAL VI ? KORLEIS KOME DIT ?.....
6.4	ARBEIDSAVtaler - LØN- OG ARBEIDSVILKÅR.....
6.5	RESERVASJONSRETT OG VALRETT VED VERKSEMDOVERDRAGING.....
6.6	STYRINGSGRUPPA SINE OPPSUMMERINGAR OG ANBEFALINGAR.....
7	UTFORDRINGAR.....
7.1	KOSTNADSFORDELING.....
7.2	LOKALISERING.....
7.3	TILSETTE.....
7.4	EFFEKTIVISERINGSPOTENSIALET.....
7.5	PENSJON – FRÅ GAMAL TIL NY REVISJONSEINING.....
7.6	ORGANISERING AV EKSTERNE REVISJONSOPPDRAG.....
8	LITTERATUR OG KILDEHENVISNINGAR.....